


VINJE KOMMUNE

FØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR FRITIDHUSVÆRE  
DEL AV GNR. 99 BNR. 6 , TYRVELID

Føresegnenes § 3b) er endra ved vedtak i plan- og miljøutvalet  
22.06.2011, sak 11/66.



§1

Desse føresegnene gjeld for det området som er vist med reguleringsgrensa på plankartet.

§2

Området er regulert til fylgjande føremål:

Byggeområde	hytter, sportell
Fellesområde	leikeplass , interne vegar og parkering
Fareområde Offentleg	kraftlinje
trafikkområde	vegar
Spesialområde	campingplass / fjellcamping, pumpehus, frisiktlinje, friluftsområde

§3 Byggeområde

- a) Hytter skal plasserast som vist på plankartet, i samsvar med innmålt pel i terrenget. Pelen skal liggje innafor hyttas yttervegger.  
Mindre justeringar av hytteplasseringa kan gjerast av teknisk etat. Det er innteikna møneretning på plankartet
- b) På kvar tomt kan byggast maks 110 m<sup>2</sup> BYA, men BYA skal ikkje overstige 15 % av tomta.
- c) På kvar tomt skal det berre førast opp ei hytteeining
- d) Hytta skal tilpassast naturen i området og ha ein enkel og god utforming . Bredda på hytta skal ikkje overstige 80% av lengda og møneretninga skal være parallelt med den lengste sida  
Utvendig skal nyttast i hovudsak trematriale, ståande kledning og naturvennlege fargar
- e) Bygningar skal oppførast i berre ein etasje. Høgda på grunnmuren skal ikkje vera over 80 cm
- I) Taket skal utførast som saltak med takvinkel mellom 25 - 30 grader, og tekkjast med torv
- g) Eksisterande terreng og vegetasjon skal i størst mogeleg grad takast vare på. Sår i terrenget frå eventuell sprenging skal dekkjast til med massar frå staden og plantast til med vekstar som høyrer til i området.

h) Renovasjon må vera ordna før byggjeløyve vert gjeve. Jfr. § 12.

i) Det skal ikkje setjast opp gjerde og flaggstenger i området.

j) Der hyttene står på pelar skal det murast med stein mellom desse

#### §4

##### Sportel

I Område kan nyttast til utbygging av sportel eller konsentrerte utleigehytter.

Utnyttelsen skal ikkje være større enn 50 p.e.

Det må utarbeidast bebyggelsesplan før bygging kan setjast igang

#### §5

##### Friluftsområde

I dette område er det ikkje tillate med nokon form for bygging. Område er friområde  
Eksisterande hytte innafor dette område kan erstattast ved eventuell brann, snøras eller andre  
ytre skadeårsaker.

#### §6

##### Offentleg trafikkområde

Langs Riksvei 11 er det avsett eit 5 meter breitt felt som inngår som vegareal.

#### §7

##### Fellesområde

Det er avsett område til leik.

I dette området vert det ikkje fillete oppført noko bygning. Derimot kan faste leikeapparater ,  
hinderløyper o.l. tillatast.

Under fellesområde er også rekna interne vegar og parkering. Det skal opparbeidast min 1.5  
parkeringsplassar pr. hytte både for sumar og vinter parkering. Byggjeløyve blir ikkje gjeve  
før tilstrekkeleg antal plassar er opparbeidd.

#### §8

##### Fareområde

I område under og rundt kraftlinje som er regulert til fareområde skal det ikkje byggjast  
hytter eller andre bygningar. Stedleg kraftlag setter grenser for avstandar til straumførande

#### §9

##### Spesialområde

Campingvogner / Campingplass:

Området skal nyttast til campingvogner / campingplass med tilhøyrande  
anlegg.

Servicesenter:

Det må utarbeidast bebyggelsesplan for området før arbeid kan setjast igang

## Pumpehus

For overføring av avlaupsvatnet til kommunalt reinseanlegg er det avsett eil område for pumpeanlegg. Pumpehuset skal ha ei god og enkel utforming. Utvendig skal nyttast trematerialar, ståande kledning og naturvenlege fargar. Taket skal utførast som saltak med takvinkel mellom 25-30 grader og tekkjast med torv.

### ANDRE FØRESEGNER

#### §10

##### Straum

Lavspent straumforsyninga til hyttene skal leggjast i jordkabel

#### §11

##### Avlaup

Avlaup frå alle nye bygningar og campingplassen vert ført fram til ledning for overføring til kommunalt reinseanlegg ved Vågslidvatnet.

#### §12

##### Renovasjon

Hyttene blir underlagt offentleg renovasjon

#### §13

##### Andre føresegner

Vassforsyning blir tatt frå brunn ved oppkome midt i planområdet. Det kan her byggjast pumpehus. Huset skal ha ei god og enkel utforming. Utvendig skal nyttast trematerialar, ståande kledning og naturvenlege fargar.

Taket skal utførast som saltak med takvinkel mellom 25-30 grader og tekkjast med torv. Det må fremleggjast godkjent vassprøve før bygging kan setjast igang.

Etter at denne planen med tilhøyrande føresegner er vedteken, kan det ikkje opprettast privatrettslege avtalar som er i strid med planen og føresegnene

Førdesfjorden 1.10.-96 H. S.

Revidert 27.5.97 etter endeleg godkjenning i kommunestyret 20.3.97 H.Stødle